



## SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet		
Kommunestyret		

## PlanID 20220002 - Detaljregulering for Tangen - 2. gongs handsaming og endeleg vedtak

### Vedlegg

- 1 Framlegg til plankart 2. gongs handsaming
- 2 Framlegg til føresegner 2. gongs handsaming
- 3 Planomtale 24.02.25
- 4 Saksprotokoll - 1. gongs handsaming i PMU 26.03.25, sak 37/25
- 5 Resultat frå arkeologisk registrering – Tangen, 16.06.25
- 6 Rapport arkeologisk registrering - Tangen, 18.06.2025
- 7 Oversikt over kulturminne - Tangen
- 8 Liste over kulturminne - Tangen
- 9 Høyringsfråsegn Mattilsynet, 06.06.25
- 10 Høyringsfråsegn NVE, 18.06.25
- 11 Høyringsfråsegn Statsforvaltaren, 20.06.25
- 12 Høyringsfråsegn Thomas Vågen, 11.05.25 og svar frå kommunen i høve buplikt
- 13 Høyringsfråsegn Telemark fylkeskommune inkludert motsegn, 03.10.25
- 14 Brev frå Vinje kommune, 23.10.25 - Ber om at motsegn blir trekt
- 15 Brev frå fylkeskommunen 14.11.25 - Motsegna er trekt

### Dokument i saka

[PlanID 20030003 Kommuneplanens arealdel \(KPA\)](#), vedteke 01.09.2011

Vinje kommune, brev om høyring datert 24.02.25

[ROS-analyse](#), 12.08.24

[Rapport naturmangfald](#), 31.01.24

[Rapport villrein](#), 2024

[Referat frå regionalt planforum](#) 23.08.23

[Illustrasjonsplan Tangen](#), 12.04.24

[Moglegheitsstudie Møsstrand](#) 08.03.23


## Bakgrunn

Plan- og miljøutvalet vedtok 26.03.25, i sak 37/25, at framlegg til detaljregulering for Tangen, planID 20220002, skulle sendast på høyring og leggjast ut til offentlig ettersyn i medhald av pbl § 12-10. Brev om høyring blei sendt ut 24.02.25 med frist for merknader 13.06.25. NVE fekk utsett frist til 20.06.25. Telemark fylkeskommune fekk utsett frist fyrst til 29.08.25, og på nytt til 02.10.25 for å vurdere reguleringsplanen opp mot funn av nye kulturminne. Årsaka til at fylkeskommunen fekk ytterlegare utsett frist var at arkeologisk undersøking ikkje var gjort før 1. gongs handsaming i tråd med normal planprosess, og endeleg resultat frå denne undersøkinga ikkje var klart før seinsommaren 2025. Det har kome 5 merknader, inkl. varsel om motsegn frå fylkeskommunen i høve kulturminne (vedlegg 9-13). Desse er oppsummert og kommentert under vurdering. Kommunen har hatt fleire dialogmøte med fylkeskommunen om kulturminne og justering av planframlegg.

## Kulturminne og kulturmiljø

Arkeologisk undersøking vart bestilt av Vinje kommune 28.08.24 og fylkeskommunen stadfesta bestillinga 30.08.24. Kommunen varsla grunneigarane i brev 24.04.25 om gjennomføring av arkeologisk undersøking sommaren 2025. Det er påvist automatisk freda kulturminne, mellom anna fleire kullgroper, ei hellegryte, jernvinneanlegg og tufter. Rapporten ligg i vedlegg 6. Totalt er det 14 kulturminne innanfor planområdet (figur 1). Kulturminna har nasjonal verneverdi og skal som hovudregel bevarast. Dei skal visast med omsynssoner i plankartet, og avgrensing av bufferområde må avklarast med kulturminneforvaltninga.

Reguleringsplanforslaget som har vore på høyring og offentlig ettersyn er i konflikt med kulturminna, og tilhøve til desse må vere avklara før planen kan eigengodkjennast. Ev. dispensasjon krev søknad til fylkeskommunen og kan medføre krav om arkeologisk utgraving på tiltakshavar sin kostnad.



**Figur 1.** Oversikt over funn av kulturminne i planområdet til Tangen. Kulturminna er synt med raud sirkel og krav til omsynssone er synt med oransje omriss.

## Vurdering

### Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, 20.06.25

Villrein har vore eit sentralt tema i planarbeidet då området ligg mellom Hardangervidda og Brattefjell-Vindeggen. Planområdet er redusert og tiltaka samla for å ta omsyn til trekkruiter, men fleire tiltak kan auke ferdsel og turisme med negativ påverknad på villrein. Statsforvaltaren rår til at talet på utleiehytter blir avgrensa til tre, i tråd med illustrasjonsplanen, og at dette blir presisert i føresegnene. Utviding av småbåthamna bør avgrensast til behov for fastbuande, og nytt garasjeanlegg må ikkje leggje til rette for auka snøskuterutleige. Bubilparkering er føresett teke ut av planen.

Det er positivt at myr er sikra med omsynssone, men turvegen bør leggjast utanom myra for å unngå negativ påverknad. Tiltak må ikkje forringe tilstanden i Møsvatn, som har moderat økologisk og dårleg kjemisk tilstand, og bekken gjennom området må bevarast. Kommunen må sikre gode VA-løysingar. Statsforvaltaren stør NVE si fråsegn om flaumfare og minner om krav til støyhandtering i tråd med retningslinje T-1442/2021.

#### *Kommunedirektøren sin kommentar:*

Innspelet er teke til etterretning og planframlegget er justert etter høyring og offentleg ettersyn. Talet på utleiehytter er presisert i føresegnene og støy er teke med i føresegnene i tråd med høyringsfråsegna frå Statsforvaltaren.

Føresegnene er justert i høve vatn- og avløp, drikkevatt og sløkkevatt. Mattilsynet har vurdert at dette er tilfredsstillande i høve deira krav. Planframlegget er justert i høve flaum (flaumsona er justert til flaumsikker høgde, 920 m.o.h., med tilhøyrande føresegner) og NVE har vurdert at dette er tilfredsstillande i høve flaum.

### Telemark fylkeskommune, 03.10.25

Telemark fylkeskommune har fremja motsegn til reguleringsplanen for Tangen Møsstrand. Grunnen er at planen ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til automatisk freda kulturminne; desse er ikkje innarbeidde i plankart eller føresegner, og fleire planlagde tiltak kan kome i konflikt med kulturminna. Arkeologiske registreringar i 2025 avdekte totalt 14 lokalitetar. Fylkeskommunen ber om at kulturminna blir lagt inn med omsynssoner og tilhøyrande føresegner. Planforslaget manglar avklaring kring utbyggingsvolum og har uavklarte tilhøve til Hardangerviddaplanen, klimaomsyn og turveg over myr. Det føreligg alternative løysingar som kan imøtekomme motsegn, men dette krev justeringar og politisk vedtak. Fylkesdirektøren tilrår omarbeiding av planen for å ivareta kulturminne, naturverdiar og regionale retningsliner.

#### *Kommunedirektøren sin kommentar:*

Kommunen har justert planframlegget for å imøtekomme motsegn frå fylkeskommunen og sendte dette over til fylkeskommunen i brev 23.10.25 for ny vurdering (vedlegg 14). Arealføremla turveg (TV), utleiehytter (UTL), og båtnaustet (UNB) er teke ut av plankartet og føresegnene, og det er inga tiltak i reguleringsplanen som kjem i konflikt med kulturminne. Det har difor ikkje vore naudsynt å gå vidare med dispensasjon for å frigje kulturminne i planprosessen.

Kommunen har hatt dialog med grunneigar der arealføremla er teke ut av plankartet. Det er ikkje andre endringar av reguleringsplanen som påverkar nasjonale interesser negativt, og det er difor vurdert at det ikkje er naudsynt med ny høyring og offentleg ettersyn.

Fylkeskommunen har svara i brev 14.11.25 at motsegna blir trekt under føresetnad av at plankartet blir vedteke slik det er føreslege endra (vedlegg 15).

#### Mattilsynet, 06.06.25 og 22.10.25

Mattilsynet meiner at planen ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar løysingar for trygt og nok drikkevatn i tråd med drikkevassforskrifta. Eksisterande vassforsyning er ikkje registrert hos Mattilsynet, og planen manglar avklaringar om framtidige løysingar for vatn og avlaup. Det må gå tydeleg fram i planen korleis vassforsyning skal sikrast, inkludert vurdering av sløkkevatn, omsynssoner for vasskjelder og eigarskap til anlegg. Mattilsynet tilrår rekkefølgekrav som sikrar at tilfredsstillande vassforsyning og leidningsnett er på plass før bygging startar.

#### *Kommunedirektøren sin kommentar:*

Innspelet er teke til etterretning, og planadministrasjonen har justert føresegnene i tråd med høyringsfråsegna. Reviderte føresegner vart sendt til mattilsynet i brev 22.10.25 for ny vurdering. Mattilsynet svara i brev 22.10.25 at justerte føresegner er tilfredsstillande ut frå mattilsynet sine forventingar.

#### NVE, 10.06.25 og 18.06.25

Planområdet ligg ved Møsvatn, og delar av området kan vere utsett for flaum då det ligg i aktsemdsone for flaum. NVE understrekar at naturfare skal avklarast på siste plannivå, og kommunen har ansvar for å sikre trygg byggegrunn. Etter dialog med kommunen er 1000-årsflaum (920 moh) lagt til grunn som flaumsikkert nivå i revidert plankart, og føresegner er justert slik at bygging i flaumsona blir avgrensa. NVE har ikkje grunnlag for motsegn dersom planen blir vedteken med reviderte dokument.

NVE tilrår også byggjeforbod i eit belte langs vassdrag og krav om kantvegetasjon for å redusere avrenning og ta vare på naturmangfald. Kommunen må sikre at omsyn til flaumfare, overvatn og vassdrag blir ivaretekne i planarbeidet.

#### *Kommunedirektøren sin kommentar:*

Kommunen har hatt dialog med NVE i høyringsperioden om flaumfare og mogleg motsegn. På bakgrunn av faglege råd frå NVE er plandokumenta justerte for å unngå motsegn, og revidert plan vart sendt til NVE 10.06.2025 med kopi til Statsforvaltaren. I høyringsfråsegna stadfestar NVE at dei reviderte dokumenta er tilfredsstillande, og at det ikkje er grunnlag for motsegn.

#### Thomas Vågen, 11.05.25 og 06.06.25.

Det blir retta sterk kritikk mot kommunen for manglande tiltak som sikrar fast busetjing. Reguleringsplanen blir ikkje opplevd som eit verkemiddel for å styrke busetnaden, og tilrettelegging for hyttefolk blir sett som prioritert framfor fastbuande. Det er peika på behov for lokal buplikt, betre rekruttering til gardsbruk og politiske grep som kan hindre fråflytting og tap av kulturarv. Praktiske utfordringar med parkering, tilgang til eigedom og dispensasjonar for garasjar har ikkje styrkt busetjinga. Det blir etterlyst ei politisk sak som ryddar opp i ulovlege vedtekter og sikrar framtidige vedtak som styrkjer busetjing.

#### *Kommunedirektøren sin kommentar:*

Kommunen svara ut spørsmål om buplikt i brev 06.06.25. Innspela peikar på utfordringar knytt til parkering, garasjar og tidlegare klausular for hyttefelt. Mykje av dette gjeld privatrettslege tilhøve mellom grunneigarar og hytteeigarar, og ligg utanfor det som kan regulerast i ein reguleringsplan.

Kommunen har ansvar for å fylgje plan- og bygningslova, og sikre at offentlege omsyn blir ivaretekne i planarbeidet. Spørsmål om eigarskap, avtalar og vedtekter må løysast gjennom privatrettslege ordningar og ikkje gjennom reguleringsføresegner. Kommunedirektøren vurderer at innspela ikkje gjev grunnlag for endringar i reguleringsplanen.

Kommunedirektøren vurderer ikkje endringane som er gjort etter høyringa til å vere så vesentlege at ein treng ei ny høyring og offentlig ettersyn. Kommunedirektøren rår til at planen vert vedteke i medhald av pbl § 12-12 slik den ligg føre.

Saka går til kommunestyret.

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak**

Framlegg til reguleringsplan for Tangen, planID 20220002 vert vedteken i medhald av pbl § 12-12 slik den ligg føre.